

Kanskje kaldaste dagen i januar var eg på besøk hos langrennsveteranen Gunnar Skeide. Mannen som i 1948 vann 8 store renn her i distriktet, på Sunnmøre og i Oppland. 8 renn, det er 8 søndager det. Du skal vere god, flink, heldig og ha tankane med deg skal du greie det. Vi sit inne i ei koseleg stove, Jøtulendurar roleg, vi har det varmt og godt, ute er det 17 kuldegrader. Retteleg ei stund til å snakke vinteridrett, og ikkje minst langrenn. Kor godt Lindvall går. Rett fram, ikkje noko vagging frå side til side som så mange andre. Korleis Brå kan kave når han er pressa. Kor lett kan det ikkje sjå ut når Aketun går. Korleis svært mange i dag trener seg opp i ung alder, men kanskje likevel misser gnisten. Kor stor forskjell det er på treningsmengde no og før. Då han sjølv dreiv som aktiv. Trening som oftast berre to gonger i i veka.

Før krigen måtte du vere 20 år gamal for å delta i eit renn. Så første rettelege konkurransen Gunnar Skeide kunne delta i var i Skorgedalen i 1936, sist på sesongen i april. Men renn hadde det vore før, ungane på Sæbø, Skeide og andre hadde renn mest kvar helg vinterstida. Dei starta ovanfor gamleløa i Meregarden. Etter som andre seier var han allereide då best. Slo gjerne dei som var 3-4 år eldre. Gunnar Skeide er nok ikkje den som vil halde fram seg sjølv, men mangt vert no hugsa av dei mange som var med denne tida, var ungar og unge frå 1925 og fram til krigen. Korleis løypa gjekk fram til Verkedammen, kraftverket i Tørla. Korleis det ein gong var start på eit langrenn nedanfor huset til Einar Moen, det hadde vorte mildver, grova voks opp, og mang ein kava for å kome over ho. På Sæbøside var det mest ingen utanom Gunnar Skeide som held fram i vaksen alder, men derimot fleire på Voll som gjorde seg gjeldande.

Ei stor langrennshending på våre kantar var hovedlandsrennet i Molde i 1935. I dag hadde dette heitt NM. Det var året før Gunnar hadde lov å starte i konkurransar, så han var på plass som tilskodar, m.a. for å sjå på den lokale helten til då, Knut Talberg frå Vågstranda. Bjarne Iversen vart vinnar det året, men Skeide var vel mest imponert over han då han gjekk opp den lange trappa på Elvebakken skule, ikkje på

ski, men på hendene.

Frå 1937 gjekk det slag i slag med renn rundt omkring. I 1940 reiste han saman med Anders Melkild frå Eidsvåg til Gråkollrennet. Dei reiste med hurtigruta f Molde og vart så sjøsjuk, så sjøsjuke. Dei vart ståande å kaste opp til dei ha tømt seg. Oppladinga til rennet var såleis ikkje av det beste, men nr 6 vart han i dette storrennet.

Premiane byrja å kome. 30 km m/skyting på Oppdal vart vunne i 1938. Ein stor flott pokal med den norske Løve som premie og minne. Hovedpremie med inskripsjon Norges Forsvarsforening, Trøndelag Kret

Taktikk var nok brukt då og. Han leia Silsetrennet eitt år, men var nokså sli. Hadde ikkje gått løypa før, så han viss ikkje kor langt det var til mål. Ein som hadde tanke for heimefavoritten baud Gunnar Skeide på sukkerdrikke og hefta han slik at andremann nådde han a Dette berre nokre hundre meter før mål, skulle det vise seg.

Så kom krigen, og det vart opphald i 5 år frå 24-29 år, kanskje den beste periode i mange idrettsutøvar i kondisjonsidrett. Ingen renn og treninga låg mykje nede.

Så kom første etterkrigssesongen i 1946. Var i Holmenkollen det året. Var ikkje form og hamna midt i klyngja. Løypene var ikkje preparerte då som no, og dett rennet gjekk i "sukkersnø" opp til okla kulane. For å greie det, var ikkje styrken og kondisjonen god nok.

Gunnar Skeide var sjølvklart, og evna til å gå raskt på ski var nok delvis medfødd og delvis oppøvd. Ein gong hadde dei i Måndalen besøk av ein instruktør. Han v tilhengar av lange gli, også oppover før del av motbakkane. Det hōvde ikkje for mann. Du ser berre kor dei startar å springe i god tid før motbakkane no til dags, seier han.

Føre 1948-sesongen var tilhøva dei best. Det var stabil vinter for det meste så han hadde fast treningsløype fram under Tverrberget, over til Månvassætra og ne att. To treningsturar kvar veke. Gjekk rykk. Brukte pausar i arbeidet til å gå ei løype rundt attelegene heime. Gjekk fort han kunne. Treninga er viktig, måte det vart gjort på, seier han. Trenings-